

Framlegg til endring i «**FØRESEGNER FOR BERGEN UNGDOMSLAG ERVINGEN SITT RESERVEFOND**»

Grunngjeving

Låneavtalen med Ervingen Lagsbruk AS, seinare kalla "Obligasjonen", blei endra i 2014. Storleiken på Obligasjonen blei endra frå 10 millionar til 15 millionar og Obligasjonen blir no ikkje verdiregulert ved årsoppgjjer. Ei endring i "Føresegner for reservefondet" §3 Fondsmiddel og § 6 Løyvingar er difor naudsynt.

I tillegg er dato for verdiregulering endra frå 1.januar til 31. desember. Bunden fondsmiddel blir då verdiregulert med KPI frå same kalenderår som årsoppgjret.

Styret meiner at forslag til endringar i føresegnene gjer ei betre heilskap i føresegnene.

Dagens §3:	Forslag til ny §3:
<p>§3 Fondsmiddel Fondet består av to delar; bunden fondsmiddel (grunnmiddel) og fri fondsmiddel. For å oppretthalde realverdien av den bundne delen skal denne verdiregulerast pr 1. januar kvart år før godkjenning av rekneskapen med midlar frå avkastninga. Ein skal nytte årsveksten i konsumprisindeksen (KPI) gjennom siste kalenderår for verdiregulering.</p> <p>Ved etableringa av fondet 1. januar 2009 var bunden fondsmiddel kr 2.500.000,-. I 2011 vart bunden fondsmiddel utvida med "Obligasjon" i Ervingen Lagsbruk AS, stor kr 10 mill.</p> <p>Frie fondsmiddel vert ikkje verdiregulert.</p>	<p>§3 Fondsmiddel Fondet består av bunden fondsmiddel (grunnmiddel) og frie fondsmiddel. Ved etableringa av fondet 1. januar 2009 var bunden fondsmiddel kr 2.500.000,-. I 2011 vart bunden fondsmiddel utvida med "Obligasjon" i Ervingen Lagsbruk AS, stor kr 10 mill. I 2015 vart Obligasjonen i Ervingen Lagsbruk AS utvida til kr 15 mill.</p> <p>For å oppretthalde realverdien skal bunden fondsmiddelen verdiregulerast pr 31. desember kvart år med midlar frå avkastninga før godkjenning av rekneskapen på årsmøtet. For verdiregulering skal ein nytte årsveksten i konsumprisindeksen (KPI) gjennom siste kalenderår.</p> <p>Obligasjonen skal saman med frie fondsmiddel likevel ikkje verdiregulerast.</p>

Gjeldande §6:

§6 Løyvingar

6.1 LØYVINGAR AV BUNDEN FONDSMIDDEL

Løyvingar av bunden fondsmiddel (grunnmiddel) kan berre årsmøtet i laget gjera med 2/3 fleirtal etter at fondsstyret og rådet har gjeve si innstilling eller uttale.

6.2. LØYVINGAR AV ÅRSAVKASTNINGA VED ÅRSOPPGJERET

Av fondet sitt årsresultat (avkastning når finanskostnader er trekt frå) skal ein trekkje frå eit

beløp tilsvarande KPI for bunden fondsmiddel og legge det til fondet sin grunnmiddel, jf. §3

2.ledd. Resterande fondsavkastning frå "Obligasjon" skal i sin heilskap gå til lagsdrifta. Øvrig resterande fondsavkastning skal fordelast etter brøken 80% til lagsdrifta og 20% til fri fondsmiddel.

6.3. LØYVINGAR AV FRI FONDSMIDDEL

Løyvingar av fri fondsmiddel er tiltenkt investeringar / vedlikehald på Eidsholmen eller til andre særlege tiltak som ikkje kjem inn under den vanlege lagsdrifta. Fonds- og egedomsstyret kan gjere slike løyvingar i samråd med Rådet. Dersom desse ikkje vert samde eller løyvinga vurderast som stor ved at den utgjer meir enn 50% av fri fondsmiddel, skal saka avgjerast av årsmøtet.

Alle løyvingar under §6.1 og §6.3 skal skje etter søknad

Framlegg til ny §6

§6 Løyvingar og disponeringar:

6.1 LØYVINGAR AV BUNDEN FONDSMIDDEL

Løyvingar av bunden fondsmiddel (grunnmiddel) kan berre årsmøtet i laget gjera med 2/3 fleirtal etter at fondsstyret og rådet har gjeve si innstilling eller uttale.

6.2. LØYVINGAR AV FRIE FONDSMIDDEL

Løyvingar av frie fondsmiddel er tiltenkt investeringar / vedlikehald på Eidsholmen eller til andre særlege tiltak som ikkje kjem inn under den vanlege lagsdrifta. Fonds- og egedomsstyret kan gjere slike løyvingar i samråd med Rådet. Dersom desse ikkje vert samde eller løyvinga vurderast som stor ved at den utgjer meir enn 50% av fri fondsmiddel, skal saka avgjerast av årsmøtet.

Alle løyvingar under §6.1 og §6.2 skal skje etter søknad.

6.3. DISPONERING AV ÅRSRESULTATET VED ÅRSOPPGJERET

Avkastninga frå "Obligasjonen" skal i sin heilskap gå til lagsdrifta.

Resterande årsresultat skal etter verdiregulering av Andre bundne fondsmiddel, fordelast med 80% til lagsdrifta og 20% til frie fondsmiddel.